# aum om sjeleomsorg



nnmøre er forankra i eit kristent menneskesyn som er opptatt av heile mennesket med ånd, sjel og kropp, fortel Anne Line Dahl Jerstad og Iris Vartdal Clausen. Her utanfor eitt av kontora sine. FOTO: BJØRN ARILD HATLEM

## ehov for sjelesorg



**TRENG:** – Også folk på bedehuset treng sjelesørgjarar utanom familie og venner, seier Karl Arne Austnes. FOTO: BJØRN ARILD HATLEM

bra med litt distanse i sjelesorga.

– I mange foreiningar og forsamlingar er det mykje nær familie og nære venner. Det er ikkje sikkert at dei er dei beste sjelesørgjarane for kvarandre. Av og til kan det vere godt med litt avstand for å få god hjelp.

Austnes ser eit stort behov for å kome inn tidleg med ekteskapskurs og med samtalehjelp til dei som slit.

– Både for nyetablerte ektepar og for dei som er rundt 50 år og som er ferdig med småbarnsfasen er det av og til problem i ekteskapa. Og ofte kjem hjelpa for seint inn i sånne konfliktar. Dersom vi som ein kristen organisasjon kan vere med å førebyggje og hjelpe til slik at par kan få gode ekteskap og gode samliv, trur eg det er svært verdfullt.

Han er glad for at Fermate no etablerer seg på Sunnmøre med eit tilbod om sjelesorg.

– Det er ikkje meininga at dette skal erstatte den sjelesorga som er lokalt når forkynnarar kjem inn i ei forsamling og har møte eller møteveke. Dette er noko som skal vere i tillegg. Ein forkynnar som er der ei helg eller ei veke, forsvinn. Men desse i Fermate kan lettare få følgje opp over tid. Det er et tilbod i tillegg, seier Austnes. DAGEN

